

## Saksframlegg

Saksnr	Utval	Møtedato
7/12	Komit� for oppvekst og utdanning	02.05.2012

### **H YRING AV NOU 2012:1 TIL BARNAS BESTE - NY LOVGIVNING FOR BARNEHAGENE - UTTALE**

#### **Framlegg til vedtak**

Komite for oppvekst og utdanning sluttar seg i hovudsak til R dmannsutvalet sin uttale til NOU 2012:1 Til barnas beste – Ny lovgivning for barnehagene.  
Med omsyn til Bemanning, meiner Stord kommune at det b r vera sentral bemanningsnorm, og viser til premissane i saka.

Saksprotokoll i Komit  for oppvekst og utdanning - 02.05.2012

### **PS 7/12 - H YRING AV NOU 2012:1 TIL BARNAS BESTE - NY LOVGIVNING FOR BARNEHAGENE - UTTALE**

#### **Vedtak**

Komite for oppvekst og utdanning sluttar seg i hovudsak til R dmannsutvalet sin uttale til NOU 2012:1 Til barnas beste – Ny lovgivning for barnehagene.  
Med omsyn til Bemanning, meiner Stord kommune at det b r vera sentral bemanningsnorm, og viser til premissane i saka.

#### **Handsaming**

Samr ystes vedteke (7 r yster)

## Rådmannen, 18.04.2012

### Vedlegg

- Barnehagelovutvalgets innstilling
- Rådmannsutvalget 29.03.2012 - uttale

### Innleiing

NOU 2012:1 Til barnas beste – Ny lovgiving for barnehagene, omhandlar ei gjennomgang av barnehagelova med forskrifter for å vurdere om regelverket som styringsverktøy er godt nok tilpassa barnehagesektoren slik han er i dag og vidare framover.

Utgreiinga er sendt til Kunnskapsdepartementet (KD) av Barnehagelovutvalet ( Øie-utvalet ). Øie-utvalet vart oppnemnt ved kongeleg resolusjon 25. juni 2010. Utgreiinga til utvalet vart levert KD 16. januar 2012.

Barnehagesektoren har vore gjennom stor vekst og omstilling dei siste åra, sist med rammefinansiering gjeldande frå 1. januar 2011. Utvalet føreslår ei sterkare regulering av områda som trår fram som særleg kritiske for å sikra likeverd og høg kvalitet i sektoren. Dei har samstidig hatt fokus på å ivareta kommunen sin fridom til å kunna utvikla gode tilbod, med borna og brukarane sine behov i fokus.

Utvalet har særleg vektlagt omsynet til kva som er best for barna. Dei vurderer det slik at endringane i sektoren dei siste åra har skapt trong for grundig gjennomgang av regelverket og har fylgt opp vurderingane sine med eit framlegg til ny barnehagelov.

Det sentrale rådmannsutvalet i KS og leiarmøtet til rådmannsutvalet har sendt ut eit nyhendebrev om høyringa av Øie-utvalet sitt framlegg til ny barnehagelov. Dei anbefalar at høyringa vert forankra på høgaste administrative nivå i kommunane og at ho vert politisk handsama.

Brevet frå rådmannsutvalet inneheld administrasjonen i KS sine vurderingar av dei mest sentrale framlegg til Øie-utvalet.

Samandrag av NOU 2012:1 Til barnas beste – Ny lovgiving for barnehagene, og administrasjonen i KS sine vurderingar på høyringa, er vedlagt.

KD ber om at høyringsinstansane kjem med uttalane sine innan 4. mai 2012.

### Vurdering

Stord kommune har valt å laga ei vurdering på tre sentrale område i høyringa: Tilsynsfunksjonen, Bemanning – vaksentettheit og pedagognorm og Ikkje kommunale barnehagar sine vedtekter – adgang til å prioritera barn utan lovfesta rett ved opptak.

#### Tilsynsfunksjonen

Kommunen har som barnehagemyndigheit ansvar for å føra tilsyn etter barnehagelova i barnehagane i eigen kommune. Fleirtalet i Øie-utvalet og rådmannsutvalet i KS går inn for at kommunen framleis skal ha dette ansvaret, medan eit mindretal ynskjer at det skal opprettast eit eige statleg tilsyn, uavhengig av dei instansar som har myndigheit- og rettleiingsansvar på barnehageområdet.

Oppretting av eit eige statleg organ for tilsyn med barnehagane vil føra til ei unødvendig byråkratisering av tilsynsoppgåva, og verta både uhensiktsmessig og kostbar. Å flytta tilsynsansvaret vekk frå kommunane vil føra til at dei misser verdifull kompetanse på området.

#### Bemanning – vaksentettheit og pedagognorm

Forsking viser at kvaliteten i barnehagen er særleg avhengig av antal barn per vaksen, antal barn per pedagog, personalet sin kompetanse, storleik og samansetjing av barnegruppene og barnehagen sitt areal ute og inne. Stabil og hensiktsmessig regulering av desse strukturelle faktorane, vil gje eit godt

grunnlag for å sikra likeverd og høg kvalitet i barnehagane. Det er i dag inga sentral bestemming om forholdet vaksne – barn i barnehagen.

Ei rekkje undersøkingar dei siste åra avdekkar store variasjonar både i barnehagetilbodet og i kommunane si tilrettelegging for høg og likeverdig kvalitet i alle barnehagar.

Fleirtalet i Øie-utvalet meiner det no er trong for å regulera grunnbemanninga til 1:3 når barna er under tre år og 1:6 når barna er over tre år. Vidare foreslår fleirtalet i utvalet at det over tid ( frå 2020) vert innført lovfesta krav om ein førskulelærer per 6 barn under tre år og per 12 barn over tre år.

Administrasjonen i KS meiner at det med utgangspunkt i kommunen sitt behov for god personal- og ressursutnytting er lite hensiktsmessig å fastsetja eit bestemt tal mellom antal barn og antal vaksne. Det same gjeld forholdet mellom antal pedagogar og antal barn.

KS meiner vidare at det ikkje bør vera nødvendig å stilla krav ut over at barnehagen må ha tilstrekkeleg pedagogisk kompetanse til at han kan drivast på ein god og hensiktsmessig måte.

På landsbasis har vaksentettheita ( årsverk per barn ) dei fem siste åra auka med 5 prosent i kommunale barnehagar. Dette fordi oppgåvene og krava i sektoren har auka. Vaksentettheita i dei kommunale barnehagane i Stord kommune er 1:3,33 når barna er under tre år og 1:6,67 når barna er over tre år. Vaksentettheita i dei kommunale barnehagane på Stord har ikkje vorte endra sidan sist på 1990 talet.

Antal barn under tre år har auka kraftig i barnehagane dei siste åra. Små barn treng tett oppfølging av vaksne gjennom store deler av dagen, noko som har ført til at barnehagane til dømes får vanskar med å avvika anna planlagd aktivitet. Etter barnehagelova skal personalet arbeida systematisk med planlegging, dokumentasjon og vurdering gjennom heile året. Dette er eit viktig området som barnehagane alltid må dokumentera nøye når dei har tilsyn.

Ei sentral bemanningsnorm for barnehagar vil vera med å sikra ein standarden i barnehagane. Det vil og gi retningsliner til kommunane som tilsynsmynde. I gjeldande regelverk er det bemanningsnorm når det gjeld pedagogressurs, men ikkje til personaltettleik totalt.

Ikkje kommunale barnehagar sine vedtekter – adgang til å prioritera barn utan lovfesta rett ved opptak

Fleirtalet i Øie-utvalet ynskjer ikkje å innskrenka ikkje-kommunale barnehagar sin rett til å bestemma opptakskrets og opptakskriterium. Dette mellom anna fordi restriksjonar her kan gjera det mindre attraktivt å starta opp og driva private barnehagar.

Eit mindretal ( inklusiv kommunerepresentantane ) og Rådmannsutvalet forslår å endra reglane slik at dei private barnehagane ved opptak må prioritera barn med rett til plass og funksjonshemma barn med rett til plass etter §13 i barnehagelova, uavhengig av barnehagen sine vedtekter.

Hovudgrunnen til dette er at då kommunane har ansvar for finansiering av både kommunale og private barnehagar, vert det feil at private barnehagar skal kunna ta opp barn utan rett då dette kan koma i konflikt med kommunen sine prioriteringar.

## **Konklusjon**

Rådmannen sluttar seg til fleirtalet i Øie-utvalet og rådmannsutvalet i KS sine vurderingar, og meiner at kommunen skal føra tilsyn etter barnehagelova i barnehagane i eigen kommune. Rådmannen sluttar seg vidare til rådmannsutvalet i KS si vurdering om at dei private barnehagane også må fylgja lova vedrørende opptakskriterium.

Med omsyn til bemanning, sluttar Rådmannen seg til Øie-utvalet si innstilling om ei sentral bemanningsnorm. Dette for å sikra at barnehagane har god kvalitet og kompetanse.

## **Framlegg til vedtak**

Komite for oppvekst og utdanning sluttar seg i hovudsak til Rådmannsutvalet sin uttale til NOU 2012:1 Til barnas beste – Ny lovgivning for barnehagene.

Med omsyn til Bemanning, meiner Stord kommune at det bør vera ei sentral bemanningsnorm, og viser til premissane i saka.